



# Årsrapport 2025

## Seljord Idrettslag

### Styresamansetning

Leiar:	Tellef Solås
Nestleiar:	Hans Inge Hagen
Kasserar:	Ingvild H. Øverland
Skrivar:	Randi Øygarden
Varamedlem:	Leah M. Prestholt Lorne

### Styremøter

Det er halde totalt 9 styremøte inkl. leiarar i undergruppene i 2025 og handsama 54 saker. Hovudstyret har hatt 7 møte. Vi har også hatt juleavslutning med styra i undergruppene med planar og satsingar for 2026 som tema.

### Spesielle hovudoppgåver i 2025

Hovudstyret har arbeidd med følgende:

- **Eventyrøy**

Det har vore stor aktivitet på Eventyrøy i 2025 og Eventyrøy Aktivitetspark begynner nå å ta skikkeleg form. Store delar av området er heva med over ein halv meter for å avgrense flaum. I 2025 er Cirkelbrygge med badestrand, flytebrygge, gapahuk med lager for kajakk og kano og klatreapparat ferdigstilt. Idrettslaget har også overtatt ansvaret for badstoga som vart tatt i bruk i desember. Mange har bidrege for å få dette realisert under prosjektleiar Eivind Skogheim som total har rekruttert 2000 timar til arbeid med gravemaskin, lastebil og anna dugnadsarbeid til ein verdi av over 2 mill.kr. Alf Johansen AS og Hovden Hytteservice AS har også bidrege sterkt for å få dette realisert. Lenge etterlengta carport med lager er også bygd i 2025.

- **Raudkleiv**

Skiskyttarstadion har fått 10 nye skyteskiver med elektronisk opptrekk i 2025 og saman med tidlegare asfaltert rundløype har treningsforholda for skiskyting blitt svært bra sommar som vinter. Over 100 lysarmaturar har blitt byta ut i anlegget i 2025. På slutten av året vart det etablert ny turløype på 2 km fram til Årnotertjønna.

- **Tilskot**

For å realisere prosjekta over er vi svært avhengig av og glade for støtta vi har fått også i 2025. Sparebankstiftinga DNB har gjeve oss totalt 2,6 mill.kr. Sparebankstiftinga Seljord har gjeve oss 700 tusen til investeringsprosjekt. Badstoga har også fått 600 tusen av DNB stiftinga og 200 tusen av Seljord stiftinga etter søknad frå Seljord Aktivitetspark. I tillegg har vi fått utbetalt 1,6 mill.kr i spillemidler og 900 tusen i mva kompensasjon til prosjekta som er slutført i 2025.

- **Sponsorar**

Seljord IL takkar så mykje for bidraga på over 550 tusen vi har fått frå sponsorane våre i 2025: Sparebanken Din, Dyrskun Arrangement, Byggmakker Seljord, Toyota Seljord, Intersport Seljord, Meny Seljord, Alf Johansen, Seljord Rekneskaps-service, Dyrud Elektro, Vest Telemark Synsenter, Bo-senteret, Morgedal Rør, Circle K Seljord, Sweco, Holta Håland, Aasmundsen Bakeri, Vidar Tveiten, Autostrada Seljord, Eie Maskin, Seljord Varmeservice, Rema 1000 Seljord, Viking Bygg, Seljord Ferieland og Eie Maskin.



## Medlemstal i SIL

Talet på betalende medlemmar, som vi får frå samordna rapportering er uendra på 415 medlemmar både i 2024 og 2025 og viser til tabellen under. Det er likevel ein gledeleg auke i aldersgruppa 13 til 25 år. Rekruttering i Seljord IL vil også i 2026 få høg prioritet.

### Registrerte betalende medlemmar i 2025 samanlikna med 2024 fordelt på aldersgrupper:

Medlemmar i Seljord IL		År	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	Betalande	2025	0	39	77	16	74	206
	Betalande	2024	0	37	78	14	72	201
Menn	Betalande	2025	1	43	55	22	88	209
	Betalande	2024	3	48	47	18	98	214
Totalt	Betalande	2025	1	82	132	38	162	415
	Betalande	2024	3	85	125	32	170	415
Totalt	Endring 2024 - 2025		-2	-3	7	6	-8	0
	Endring i prosent		-67 %	-4 %	6 %	19 %	-5 %	0 %

## Aktivitetar i SIL

Vi har også i 2025 ein stor medlemsnedgang i aktivitetane våre på 6% frå 2024 til 2025 (8% frå 2023 til 2024) og viser til tabellen under. Tala her bygger på medlemmar registrert i undergruppene og som har betalt medlemskontingent og er ikkje avhengig av om treningsgebyr er betalt. Nedgangen er størst i handball med 31 medlemmar eller 38%. Vi gler oss likevel over auken i Ridning og Allidrett.

### Registrerte betalende medlemmar i undergruppene i 2024 samanlikna med 2023:

Medlemmar i Seljord IL		Fotball	Handball	Langrenn	Allpint	Skiskyting	Ridning	Friddrett	Allidrett	Totalt
2025	Betalande	177	50	48	13	16	55	21	57	437
2024	Betalande	188	81	49	17	15	46	25	44	465
Endring 2024 - 2025		-11	-31	-1	-4	1	9	-4	13	-28
Endring i prosent		-6 %	-38 %	-2 %	-24 %	7 %	20 %	-16 %	30 %	-6 %

Her viser hovudstyret til vedlagt årsmelding frå undergruppene og har følgjande oppsummering:

- **Fotballgruppa** driv på eit godt og stabilt nivå med god administrativ organisering. Seljord IL stiller med lag for gutar og jenter for både ungdom og vaksne. Rekruttering blant dei minste og spesielt jenter er ei utfordring som hovudlaget også arbeider aktivt med.
- **Handballgruppa** har nå eit jentelag i serien treningstilbod for jenter og gutar i 2. og 3.klasse. Det er ei stor utfordring å skaffe trenarar som er krevjande for å sikre framtida til handballgruppa.
- **Skigruppa** har hatt ein god sesong i 2025 med god aktivitet innafor langrenn, skiskyting og alpint med stor aktivitet i skitrekket. Anlegget er nå komplett tilrettelagt for rekruttering til desse aktivitetane.
- **Ridegruppa** har hatt eit år med mykje fin aktivitet og viser til sportsresultat i årsmeldinga. Ridegruppa har ved årsslutt 50 medlemmar og har ei god gruppe av yngre ryttrar. Rekruttering blir også prioritert vidare.
- **Friddrettsgruppa** var også i 2025 basert på eigentrening og samhandling mot stevne og konkurranse. Det er registrert 5 aktive i gruppa.
- **Allidrett** har hatt følgjande aktivitetstilbod i 2025: Skikarusell, friddrett, ridning og svømming for dei minste. I tillegg har vi hatt basistrening på Sterk-Nils for dei over 12 år i haustsesongen.



## Økonomi

Årsrekneskap med balanse og noter for Seljord IL vert vedtatt i eiga sak på årsmøtet. Vi har hatt gjennomgang av revisor og retta opp alle påpeika forhold og viser elles til revisjonsmeldinga.

Nedanfor har vi presentert rekneskapen 2025 samanlikna med rekneskap 2024 og budsjett 2025 fordelt på hovudstyret inkludert Dyrskun, anlegg Evntyrøy og Raudkleiv og undergruppene samla.

Avdeling	Inntekter			Kostnader			Resultat		
	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25
Hovudstyret	7 476	5 938	6 145	4 839	4 061	4 163	2 637	1 878	1 982
Anlegg	239	300	236	1 484	2 198	1 929	-1 245	-1 898	-1 693
Undergruppene	1 020	783	1 098	1 432	1 050	1 387	-412	-267	-289
<b>Sum</b>	<b>8 735</b>	<b>7 022</b>	<b>7 479</b>	<b>7 755</b>	<b>7 308</b>	<b>7 479</b>	<b>980</b>	<b>-287</b>	<b>0</b>

I tabellen under er totalrekneskapen spesifisert på alle avdelingane og aktivitetane. Nytt i 2025 er Eventyrøy Aktivitetspark som vi følger opp med eiga avdeling. Ridegruppa har også starta opp med feltritt som dei ønsker presentert på eiga avdeling.

Avdeling	Inntekter			Kostnader			Resultat		
	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25	Rekn.24	Rekn.25	Bud.25
Hovudstyret	1 454	1 409	1 345	888	960	841	566	449	504
Dyrskugruppa	6 023	4 529	4 800	3 951	3 100	3 322	2 071	1 429	1 478
Eventyrøy	159	158	140	883	1 556	1 420	-725	-1 397	-1 280
Eventyrøy Aktivitetspark		42	-	-	112	-	0	-70	0
Raudkleiv	80	100	96	601	530	509	-521	-430	-413
Fotballgruppa	642	454	720	833	580	960	-191	-126	-240
Håndballgruppa	126	119	92	313	126	81	-187	-6	11
Skigruppa	162	73	183	166	132	183	-4	-59	0
Ridegruppa	74	85	75	69	70	83	6	15	-8
Feltritt	-	16	-	-	41	-	0	-25	0
Friidrettsgruppa	5	5	15	19	11	30	-14	-5	-15
Allidrett	12	31	13	33	90	50	-21	-60	-37
<b>Sum</b>	<b>8 735</b>	<b>7 022</b>	<b>7 479</b>	<b>7 755</b>	<b>7 308</b>	<b>7 479</b>	<b>980</b>	<b>-287</b>	<b>0</b>


Som vi ser har Seljord Idrettslag eit underskot på 287 tusen i 2025 mot eit overskot på 980 tusen i 2024. Vi hadde ei redusert omsetning under Dyrskun på 1,5mill.kr (3 dagar med regn) i høve til 2024, som igjen førte til 0,5 mill.kr. i redusert overskot frå matsalet under Dyrskun, men er likevel innafør budsjettet.

For å fullfinansiere avslutta investeringsprosjekt i2025, har vi brukt 150tusen av eigenkapitalen som ein eingongssum som aukar underskotet tilsvarende. Styret er svært godt nøgd med økonomistyringa til alle involverte som utfører ein svært viktig og god jobb innafør rammene vi har til disposisjon.

Seljord 10. februar 2026  
Styret i Seljord IL

  
Tellef Solås  
Leiar

  
Hans Inge Hagen  
Nestleiar

  
Ingvild H. Øverland  
Kasserar

  
Randi Øygården  
Skrivar



## Årsmelding for fotballgruppa 2025

Styret har i 2025 bestått av

Leder	Arve Myrvang
Skriver	Aina Tveit
Rekrutteringsansvarlig	Bjørn Tore Mevastaul
Dommeransvarlig	Svein Martin Wetteland
Sportslig leder, trenerveileder	Heidi Skaret Myrvang
Materialforvalter	Mona Eliassen
Dugnad og arrangementsansvarlig	Vegard Skaret
A-lags representant	Øyvind Oland

Styret har hatt 4 ordinære møter. I tillegg har det vært møter med trenere og lag før seriestart.

Stine Johnsen fra NFF Telemark kom på et møte ang. oppfølging av kvalitetsklubb og gjennomgang av players 1st klubbundersøkelsen.

Arve og Heidi deltok på kretstinget til NFF Telemark.

Arve deltok på forbundstinget på Ullevål.

Representanter fra styret har deltatt på flere møter i regi av krets i løpet av året både fysisk og digitalt.

Sparebanken din futsal cup blei gjennomført 22.november med 78 deltagere fordelt på 13 lag fra vest Telemark.

Fotballgruppa har også hatt møte med krets og pensjonistforbundet om oppstart av gåfotball i Seljord. Det har vært 3 økter dette året men få deltagere så langt.

### Fotballgruppa har hatt lag i følgende klasser i 2025

#### Senior

**A-lag herrer.** 6div.

**Damelag 7er** 5.div

#### Ungdom

**G16** Blei påmeldt i 2.div i vårsesongen og vant serien, noe som førte til opprykk til 1 div på høsten. Det blei en jevn kamp utover høsten om seieren og Seljord endte til slutt på 3.plass. I august deltok laget på Sandar cup der dei kom til semifinale.

Laget deltok også på vår egen futsalcup som dei vant.

Flere av spillerne har også fått prøve seg på A-laget gjennom sesongen.



**J15** Blei påmeldt i 3 div på våren. Laget vant serien og rykka da opp til 2.div i høstsesongen der dei endte på ein fin 4.plass.

Laget var med på Sør Cup i Juni og kom til finalen i B-sluttspillet.

Laget deltok også på vår egen futsalcup.

**G14** Blei påmeldt i 2div på våren der det blei tøff motstand. Laget har få spillere og trengte mulighet for å spille 9er. Høstsesongen blei i 3 div. der dei fleste spilte 9er. Seljord vant denne serien. Laget deltok på futsalcup i Langesund og vår egen cup i Seljord som dei også vant.

**J13** Laget blei påmeldt i 3.div. Halve laget er underårige da det ikke var 12 årslag i år.

Vårsesongen endte på 5.plass. og høstsesongen endte med ein 6 plass.

Laget deltok på vår egen futsalcup på Granvin.

**G12** Har spilt 9er både vår og høst. Deltok på sparebanken din cup i Høydalsmo

**G10** Har spilt 7er og deltok på Vinjecup.

**GJ8** I år var det miks lag da det ikkje var nok til reine gut og jente lag

Laget hadde kampkvelder og deltok på Vinjecup.

Fotballgruppa ligger noenlunde stabilt på ca 200 medlemmer, herav ca 170 aktive utøvere.



## Årsmelding for handballgruppa 2025

Handballåret 2025 har vore eit år med jamn aktivitet. Det har vore eitt lag i serie gjennom året. I tillegg har det vore introtreningar for jenter og gutar i 2. og 3. klasse.

Det er ei stor utfordring å skaffe trenarar, og å sikre kontinuitet i tilbodet. Dette er ei utfordring vi deler med andre klubbar, men som gjer det krevjande å sikre framtida til handballgruppa slik situasjonen er no.

### Dugnad

Det har vore ein god dugnadsinnsats gjennom 2025. Handballen hadde vakter på Countryfestivalen. Dyrskun i september er den store dugnadshelga.

I tillegg har handballen hatt sal av adventskalendrar i samarbeid med ridegruppa.

Handballgruppa selde om lag 230 kalendrar. På den tradisjonsrike basaren på Telesenteret kom det inn 21 880,-. Tusen takk til alle som kjøpte kalendrar og lodd, og alle som sponsa og leverte premiar!

### Lag og trenarar 2025

Introlag (2.-3. klasse jenter og gutar)

Vår: Trena av Helene Øverland og Vilde Gjerlid

Haust: Trena av Thea Norgaard Johansen og Maren Norgaard

Jenter 14 (vår) / Jenter 15 (haust)

Trena av Oddny Norgaard

Elias Norgaard Johansen har bidrege på fleire treningar og kampar.

Det vart arrangert open hall på Granvin 28. september for å vise fram handballen og rekruttere til ny sesong.

### Cupar

J14 deltok på Youth Camp i Drammen/Fornebu i samband med handball-VM for herrar i januar.

J14 deltok på Sommarland Cup i juni.

### Samarbeid med Gjerpen IL

I vinterferien vart det arrangert handballskule på Granvin i regi av Gjerpen IL. Dei stilte med fleire trenarar frå damelaget. Det var motiverande dagar for mange! Gjerpen IL har i tillegg stilt opp som trenarar på ei trening hausten 2025.

J14 var innløparar på Gjerpenkampar i eliteserien både våren og hausten 2025.



### Årsmøte 2025

Årsmøtet vart arrangert 4. mars

Følgande styre vart vald:

Leiar: Johannes Rindal (gjenvæl, for 1 år)

Sportsleg ansvarleg: Oddny Norgaard (ny, for 1 år)

Det har ikkje lukkast å få på plass nestleiar/skrivar og dugnadsansvarleg, men fleire foreldre har stilt opp og teke på seg ulike oppgåver gjennom året.

**Til slutt vil handballgruppa rette ein stor takk til Mogens for stor velvilje og sponning gjennom året! :)**



## Årsmelding for skigruppa SIL 2025

### Styret:

Gunnhild Tveiten Golid – leder

Anette Groven-Robertsen

Simon Juvik Svendsen

Dag Vidar Noraberg

### Skigruppa har i 2025 hatt desse aktivitetane:

#### Langrenn:

Langrennstreningene har vore fordelt på to grupper; 1-4. klasse og 5. klasse og eldre. For aldersgruppa 5. klasse og eldre har det vore gjennomført 1 trening kvar veke gjennom vinteren, 5-10 løpere på kvar trening. Sommerstid er det gjennomført rulleskitrening og barmarkstrening. I tillegg til egne trenere (foreldre) har vi i sommar hatt med Ingerid Vadder som gjestetrener 1 gong kvar veke.

Den yngste gruppa (1.-4. klasse) har hatt 1 trening i veka gjennom vinteren med Hans Flaaten og Anne Gro Lønnestad som dyktige trenere. Etter høstferien starta same gjengen opp med barmarkstrening i Seljord Hage. Både sommar og vinter har 15-25 ivrige deltakarar møtt opp på skitrening og barmarkstrening, avslutta med pølser og kakao. Stor stas! Gjennom året har vi hatt ein liten gjeng utøvarar som har reist rundt på nokre skirenn (langrenn) i og utanfor kretsen. Blant anna var ein gjeng på 4 løpere med på rulleskiløpet Lysebotn opp, og ein gjeng på 5-6 deltakere deltok på Blinkfesivalen både innan langrenn og skiskyting. I tillegg har vi hatt deltakere på fleire renn i Vest-Telemark karusellen gjennom vinteren.

#### Vest-Telemark Karusellen:

Vi fekk dessverre ikkje arrangert skirenn denne vinteren grunna snøforhold.

#### Skikarusell:

Skikarusellen er nå i regi av Allidretten i Seljord idrettslag. Dei siste åra har deltakertallet vore synkende, men det jobbes nå aktivt vidare for å øke rekrutteringen. Dette ser ut til å vera på rett veg.

#### Skiskyting:

Totalt heve me 11 aktive i aldersgruppa 9-17 år pr 31/12-25. Me har gjennomført 2 treningar i veka gjennom vintersesongen. Konkurransesesongen har vore aktiv, og me har hatt mange utøvere som deltok på både lokale og nasjonale renn, blant anna Kvalfoss sprinten, Hovedlandsrennet på Lillehammer, Liatoppen skiskytterfestival og Blinkfestivalen. Me hadde 3 juniorutøvere som representerer SIL; ein som går på skiskytterlinja på Sirdal VGS/Team Sirdal ski, ein som er hospiterer på Team Sirdal Ski og ein som er med i Team TeVe. Alle 3 deltar på NM og Norges cup i skiskyting.

#### Alpin:

Vi har ikkje hatt faste alpintreningar denne sesongen, men ein utøver i U14 representerer Seljord rundt om i heile landet. Han hevder seg i nasjonal samanheng og ligg på topp 10 i sin årsklasse. Det blir interessant å fylgje utviklinga vidare.



Alpingjengen samarbeider tett med langrenn og skiskyting for å skape eit godt samhold og ein lagfølelse sjølv om ein satser i ulike grener. Vi ser nytten av ferdighetene på tvers av gren. Gjennom sommaren har nokon av løperne frå dei ulike skigrenene gjennomført fysisk trening ukentlig. Både styrke, koordinasjon, balanse samt nokre intervalltreningar.

### **Skitrekket:**

Vinteren 2025 blei ein noko begrensa sesong for skitrekket. Ein del mildvær og mangel på sno gjorde det vanskeleg å holde åpent deler av sesongen. Det åpna i starten av januar og holdt åpent til starten av mars. Tilbakemeldingar frå foreldre og barn som benytta skitrekket var svært positive. Det var godt oppmøte med rundt 30 små og store i snitt per gong, og opp mot 55-60 stk på dei beste dagene. Det blei spela musikk i bakken, fyr i bålpanna, små og store grilla og kosa seg ved gapahuken.

Seljord barne- og ungdomskule lånte anlegget fleire gonger i løpet av vinteren. Det blei også utleid til andre i og utanfor Seljord. Veldig gode tilbakemeldingar frå alle.

Heisen har fungert utmerket og uten nokon form for stopp eller reparasjonar. Prepping av bakken og heistrasse blei utført med tråkkemaskin på ein god måte.

### **Raudkleiv området:**

Det har vore ein bra sesong i heile anlegget i Raudkleiv. Det vart pakka løyper med snøscooter, ATV og tråkkemaskin heile vinteren og fram til april. Det vart køyrd løyper ca. 5-7 dagar i veka. I snitt brukar ein ca. 3-4 timar pr. gong. Ca 20 t/veke er utført på dugnad. Behovet varierer etter mengde sno som kjem. Nokre veker er det tråkka løyper 7 dagar i veka, inntil 2 gonger pr. dag. Det har vore 4 menn som har deltatt på ansvaret for løypekøyning.

I løpet av høsten har vi fått skiftet ut alle Lamper i lysløypa og på stadion. Helt nydeligt å kunne sjå igjen. Vi ser at anlegget i Raudkleiv blir bruka av mange, og vi er glad for at dette er eit anlegg som kan brukast både sommar og vinter.

### **Ny blinker:**

Det er i år blitt skiftet fra manuelle til halvautomatiske blinker. I tillegg er banen blitt utvidet med 4 blinker, dvs at vi nå har totalt 10 blinker i Raudkleiv. Volden bak skivene er blitt dekket med barkflis og det er satt opp rødt lys i tillegg til rødt flagg. Ferdig godkjenningen ble gjort i månedsskiftet November /Desember. Dette er veldig bra både for eksisterende utøvere og samtidig veldig viktig for rekruttering av nye skiskyttere.

### **Dugnad:**

Vi takkar til slutt alle som har bidratt med både nytt og eksisterande anlegg, samt løypemannskapet, trenarar og foreldre. Og sist men ikkje minst takkar me alle dei aktive løparar for flott innsats i 2025.

**Styret i skigruppa**



# ÅRSMELDING FOR SELJORD RIDEGRUPPE

SELJORD  
RIDEGRUPPE



Styret i ridegruppa har i 2025 vore:

Leiar:  
Nestleiar

Gunn Ragnhild Jønholt  
Jan Olav Hauvik

Skrivar	Irene Kåsa
Styremedlem	Jon Midtbø
Styremedlem	Gunn Helga Vindfjell
Vara Styremedlem	Tove Østtveiten
Representant for Seljord Hestesenter Valkomitéen	Stig Høgetveit Kjersti Ågren

Følgande tema vil bli opplyst i denne årsmeldinga:

- Aktivitet i egen klubb
- Resultater
- Økonomi
- Rekruttering/medlemmer
- Planer framover

## **Aktivitet i egen klubb**

2025 - Eitt år med mykje fin aktivitet.

Ein av årets store ting for Seljord Ridegruppe er at me har arrangert cup i både dressur og sprang saman med Notodden ryttersportsklubb og Kongsberg ryttersportsklubb.

For SRG betydde det at me arrangerte ein stevnedag i dressur og ein stevnedag i sprang. Dette gjorde me 23-24 august. Nytt med cup er at det legg til rette for samarbeid mellom naboklubbane som har vore ein del av handlingsplanen til SRG. For rekruttering til sporten vår ser me at å ha små stevner i distriktet er positivt. Låg terskel og enkelt å starte på små stevne.

Starta på laurdag med dressurstevne med totalt 21 antall startar. Me fekk kåra klubbmeister både i ponni og hesteklassa.

Dommar gav oss gode tilbakemeldingar både på arena og som arrangører og håpa på fleire slike arrangement. Dommar gav oss også moglegheit til å nytte ho for programridning og



trening ved seinare anledning.

Søndag var det sprang på agendaen med totalt 49 antall startar. Det er auke på 10 frå året før og me ser synergien på dette med cup. Her fekk me kun kåra klubbmeister i ponniklasse. Dessverre har det forsvinne mange klubbhestar det siste året. Likevel mange nøgde ekvipasjar og også her fekk me ros av dommarar og teknisk personell.

Nytt i år har også vore at SRG har stått som arrangør av eit feltrittstevne. Eit samarbeid mellom fleire feltrittsinteresserte gjorde til at det blei laga til feltrittsbane på Dyrskuplassen. I forkant av stevnet blei det arrangert trening på feltrittsbanen med godt oppmøte. Totalt 12 starter var med på dette stevnet. Også her var det gode tilbakemeldingar frå teknisk personell som håpar på fleire arrangement i distrikta. Her vil det bli sett på samarbeid med andre klubbar då det er mykje arbeid å arrangere.

Utover dette har det ved eit par anledningar vore treff i regi ryttarar som møtes for å øve på spesifikke ting som tempo regulering og banetrening.

Også i 2025 hadde vi sportsdagar. Fyrste sportsdag hadde me allereie 4. januar og starta således sesongen raskt. I mars kombinera me årsmøte og sportsdag med god oppslutning. På årsmøtet i 2025 var innhaldet sjølvstøtt budsjett, årsmelding, val og orientering. Med kringle, kaffi og brus vart det eit sosialt arrangement. Siste sporsdag for året hadde me 2. november.

Seljord Ridegruppe blei invitert til Stall Nisser i Vrådal der Malvin Paulsen kom om for undervisning. Fleire ekvipasjar nytta seg av denne mogelegheita for feltrittsundervisning av ein gamal kjenning for mange.

Styret har hatt 8 «ordinære» styremøte i 2025, og nokre mindre arbeidsmøte i løpet av året spesielt i samanheng med arrangering av eige stevne.

### **Dugnad.**

I løpet av 2025 har ridegruppa jobba dugnad med å sele adventskalenderar saman med Håndballgruppa i SIL. Dette gjorde me for å supplere inntekt sidan me nå ikkje lenger har gjerdedugnad for festivalane. Under Dyrskuen hadde Ridegruppa ansvar for Stuten kafé, noko som fungerte godt for ei gruppe med medlemmer frå heile øvre Telemark. I tillegg til Stuten hadde også fleire av medlemmane vakter i andre kioskar og med for- og etterarbeid. Dette er gode inntekter når vi ynskjer å holde eitt visst aktivitetsnivå med sportsdager/trening, stevnehjelp og bistand til større stevne.

### **Sportsresultater.**

Det har vore arrangert fleire stevne i 2025 som klubbens ryttarar har starta med mange fine rundar og flotte plasseringar. På utvida klubbstevne, distriktsstevne og landsstevne både i dressur og sprang.

Seljord ridegruppe markerte seg med gode resultat i Sommar CUP som me arrangerte saman med Notodden og Kongsberg. Samla sett blei 3 av 4 dekken delt ut til Seljordrytterar som betyr at dei vann cupen i sine klasser.



Ridegruppa blei representert ved ein ekvipasje på Oslo Horseshow som enda med ein flott 3. plass. Dette er stor stas for ein liten klubb som Seljord Ridegruppe

I Drammen arrangeres det årleg "Landsmesterskap". Der fekk same ekvipasje 1.plass i LB Ponni.

Rytter som representerer ridegruppa i Mounted Games leverte ein knallsterk 3 plass i NM under 15 år og ein 3 plass samanlagt i cup under 18 år. Ekvipasjonen kan også skilte med ein 4. plass i nordisk i par.

#### **Økonomi:**

2025 vart eitt år med litt mindre inntekter enn vanleg grunna mindre dugnad.

#### **Rekruttering/medlemmer**

SRG har ved årsslutt 50 medlemmar. Gledelig å sjå at vi har ei komande gruppe av yngre ryttrarar. Likevel er det meir å gå på med rekruttering som me vil arbeide med komande år.

#### **Planer framover:**

I 2026 er det tenkt å arrangere stevne i sprang og dressur. På våren vil me arrangere eit UK stevne med dressur på laurdag og sprang på søndag som er planlagt som fyrste stevne i cupen. Seljord vil arrangere finalehelg i august. Altså 2 stevnehelger er allereie planlagt og publisert i stevnekalender. Prioriterte stevne for 2025 vil til dømes vera; TVRR cup, nærliggande stevne og kanskje Hønespranget på Hønefoss i pinsa. Me vil også finne ei helg der flest mogleg medlemmar tar turen samla til eit helgestevne.

På Årsmøtet 2026 vil vi invitere til innspel frå alle medlemmane om kva vi vidare skal arbeide med.

- Fleire «sportsdager»
- Hønespranget
- Norgesserien
- Oslo Horseshow
- Med vidare

Gledar oss til 2026. Med fleire stevner og meisterskap, og ikkje minst vidare fokusering på den viktige sosiale arenaen i ein individuell sport.

Seljord Ridegruppe takkar SIL for et godt samarbeid i 2025 og gledar oss til vidare samarbeid.

For Styret

Leiar

Gunn Ragnhild Jønholt



## Årsmelding friidrett 2025

### Generelt

Friidrettsgruppa i Seljord IL har i 2025 hatt aktivitet innan både bane, landeveg, mangekamp og veteranfriidrett. Utøvarane har delteke i regionale og nasjonale stemner, inkludert NM, meisterskap og større opne konkurransar. Aktiviteten har vore prega av individuell satsing, med gode resultat innan fleire øvingar og aldersklassar.

### Sportsleg aktivitet og resultat

#### Barn og ungdom

Mikkel Grøven-Robertsen (G13)

Mikkel deltok i fleire stemne gjennom sesongen, både på bane og i tekniske øvingar.

Resultat (utval):

- 60 m: 9,07
- 100 m: 14,73
- 200 m: 29,17
- 600 m: 1.47,18
- 1500 m: 5.22,86
- Lengde: 4,48 m
- Høgde: 1,30 m
- Stav: 2,30 m
- Tresteg: 9,67 m
- Spyd (400 g): 12,52 m

Resultata er henta frå mellom anna kretsmeisterskap og regionale stemne i Telemark og Vestfold.

#### Junior og senior

Herman Høgstad Svinsen

- 100 m: 11,72

Deltaking på Askerlekene 2025 (junior og senior).

Arve Listaul

- 3000 m: 8.38,15 – Moseby Invitational
- 10 km: 31.13 – Hytteplanmila
- Halvmaraton: 1.10,18 – Barcelona
- Maraton: 2.28,35 – Jessheim vintermaraton

Andre løp:

- 3000 m: 8.46 – Notodden
- 10 km: 32.24 – Sentrumsløpet



## SELJORD IDRETTSLAG

- 10 km: 32.00 – Sport 1-karusellen
- Halvmaraton: 1.10,44
- Maraton: 2.35,54 – Berlin

Karl Magnus Mangerud

- Maraton: 2.56,05

Martin Listaul

- 3000 m: 9.53 – Moseby Invitational

### Veteran

Imke Jürgens (KV 50–54)

Imke har hatt ein aktiv sesong med deltaking i både nasjonale og nordiske meisterskap, samt NM og VM for veteranar.

Innandørs:

- NM mangelkamp (5-kamp), Bærum – 1616 poeng, 2. plass
- Nordic Championship Masters, Hvam
  - Stav: 1,50 m – 1. plass
  - Hekk: 13,75 – 2. plass
- KM Telemark, Porsgrunn
  - 60 m: 10,47 – 1. plass
  - Kule (4 kg): 6,61 m – 1. plass

Utandørs:

- NM mangelkamp, Jessheim – 2381 poeng, 2. plass
- NM Masters, Kristiansand
  - Stav: 1,50 m – 1. plass
  - 300 m hekk: 1.08,94 – 1. plass
- NM Masters, Knarvik
  - 4-kamp – 1277 poeng, 1. plass

### Oppsummering

Friidrettsgruppa har i 2025 hatt deltaking i ei rekkje stevne på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Aktiviteten spenner frå barne- og ungdomsfriidrett til veteranmeisterskap. Resultata viser breidde i øvingar og stabil deltaking gjennom heile sesongen.

Gruppa har hatt god representasjon i meisterskap og konkurransar, og fleire utøvarar har delteke i både NM og internasjonale stemne.



## Årsmelding Allidrett 2025

### Allidrett 6–12 år – 2025

Allidretten har i 2025 hatt eit variert og inkluderande aktivitetstilbod for barn i alderen 6–12 år. Aktivitetane har vore godt besøkt og har gitt deltakarane høve til å prøve ulike idrettar og aktivitetar gjennom året.

#### Gjennomførte aktivitetar:

- Skikarusell: 8 gonger
- Friidrett: 4 gonger
- Ridning: 4 gonger
- Svømming: 2 gonger
- Inneaktivitet i Granvinhallen: 2 gonger

Ridninga hadde jamn deltaking, med fleire som deltok på alle øktene. Tilbodet har fungert godt og bidrege til både fysisk aktivitet og sosial trivsel blant barna.

### Allidrett (13–19 år) Basistrening på Sterke-Nils

Arrangør: Seljord Idrettslag – Allidrett

Stad: Sterke-Nils treningssenter

Vår og haust 2025

**Tal økter: 11**

#### Gjennomføring

Allidretten gjennomførte i 2025 felles basistrening for ungdom i alderen 13–19 år. Treningane vart gjennomført på Sterke-Nils treningssenter og hadde fokus på styrke, stabilitet og skadeførebyggjande arbeid. Opplegget var tilpassa ulike nivå og fungerte som eit supplement til aktivitet i dei ulike idrettsgruppene.

#### Deltaking

Deltaking vart registrert på kvar økt. Det var jamn oppslutnad gjennom perioden, med fleire deltakarar som møtte på fleire treningar.

#### Vurdering

Basistreninga har fungert godt som eit felles treningstilbod på tvers av idrettar. Tiltaket har bidrege til betre fysisk grunnlag, skadeførebygging og sosialt fellesskap blant ungdommane. Tilbodet vurderast som vellukka og bør vidareførast som ein fast del av Allidretten sitt tilbod til ungdom i Seljord IL



## ÅRSMELDING 2025 – DYRSKUGRUPPA – SELJORD IL

Dyrskugruppa 2025 har bestått av (med ant. år i Dyrskugruppa): Oddvar Kvålo(25), Ole Tufte(25), Dagfinn Tveiten(24), Haldis Thorvaldsen(15), Kai Slåkvik (11), Randi Øygarden(9), Bård Lie Ståland(9), Hans Inge Hagen(9), Ingvill Lie Ståland(7), Arve Myrvang(5), Ingvild H. Øverland(3), Irene Uldal Kåsa(2), Lisbeth Steinmoen(2), Terje Øverland(2) og Tellef Solås(28).

Dyrskun 2025 hadde eit besøkstal på 74.000 og hadde 3 uværsgadar mot 89.600 i 2024 med godvær alle tre dagar. Seljord IL omsette mat for 4,5 mill.kr. som er 1,5 mill.kr under 2024. I 2025 hadde SIL totalt 12 utsal, som er eit mindre enn i 2024 då vi har lagt ned

Utgardskiosken

Sal per besøkande vart kr. 61,21 mot 67,29 i 2024. Ser vi på volumsal har vi ein nedgang på 32% samanlikna med 2024.

Dyrskun tok i bruk bemanningssystemet Planday i 2025 og vi i SIL tok også dette i bruk for alle som jobba for oss før, under og etter Dyrskun med godt resultat.

Vi har totalt registrert 5300 (5800 i 2024) dugnadstimar før, under og etter Dyrskun i 2025, då er ikkje timane til planlegging, forarbeid og etterarbeid til Dyrskugruppa til SIL og personal-arbeidet til Seljord IL teke med. Personalarbeidet med å få tak i mannskap vart utført av undergruppene saman med hovudstyret og Dyrskugruppa.

Under Dyrskun i 2025 hadde Seljord IL totalt 700 personar (820 i 2024) i arbeid som utgjer 4600 registrerte timar (5200 i 2024), der innleige frå andre lag utgjer 2020 timar eller 44% (2400 timar eller 46% i 2024).

Alle aktive medlemar i Seljord IL frå 11 år til 14 år er sett opp med to vakter av 3 til 6 timar. Forarbeid og etterarbeid frå Seljord IL medlemar utgjer totalt 600 timar.

Kvitsund Gymnas, Seljord Folkehøgskule, Speidaren i Bø, Russegrupper, Skarphedin fotball (ny), Skorve Karateklubb, Fyresdal Skiskyttarlag og Kviteseid skule Polentur var laga vi leigde inn i år.

Dyrskugruppa i Seljord IL takkar alle for dugnadsarbeidet som er utført i 2025 og vil i 2026 prøve å rekruttere enda fleire foreldre og andre vaksne spesielt til å ta på seg kioskteamvakter.

Seljord desember 2025  
Tellef Solås  
Leiar i Dyrskugruppa